



Os Senioruniversitet

VEDTEKTER FOR OS SENIORUNIVERSITET

Vedtekne på årsmøte 3.februar 2014

§ 1 Formål Os Senioruniversitet skal arbeida for å formidla kunnskap om emne som medlemmene ønskjer å læra meir om i eit sosialt og utviklande fellesskap.

§ 2 Organisering og medlemskap Os Senioruniversitet er ei sjølvstendig, ideell samanslutning basert på individuelt medlemskap. Medlemskap er ope for alle som betaler semesteravgift.

§ 3 Styret Styret er samansett av leiar og seks styremedlemmer valde av årsmøtet. Det er ønskjeleg at begge kjønn er representerte i styret. Leiar vert vald ved særskild val for eit år av gangen. Styremedlemmene vert valde for to år av gangen. Ved attval kan ein veljast for eitt år *om gangen**. Det bør vera kontinuitet i styret.

Det skal førast styreprotokoll. Styret er vedtaksført når minst tre styremedlemmer er til stades. Os Senioruniversitet vert forplikta ved underskrift av styreleiar og ein av styret, eller to medlemmer frå styret dersom leiar er forhindra. Leiar og styremedlemmer har alle enkeltstemmer.

§ 4 Årsmøtet Årsmøtet er øvste organ i Os Senioruniversitet. Det skal haldast årsmøte kvart år innan utgangen av februar. Innkalling til årsmøtet skal gjerast kjent minst to veker før årsmøtet. Årsmøtet skal handsama årsmelding og revidert rekneskap frå førre år, vedta semesteravgift, velja styre, revisor og valkomite' på tre medlemmer, og handsama andre saker lagt fram av styret. Valkomiteen vert vald for eitt år og revisor for to år. Årsmøtet er vedtaksført når minst 25 prosent av medlemmene er til stades.

§ 5 Vedtekstendringar Vedtekstendringar krev to tredjedels fleirtal av dei frammøtte medlemmene.

§ 6 Oppløysing På ordinært eller ekstraordinært årsmøte kan det med to tredjedels fleirtal gjerast vedtak om at Os Senioruniversitet skal løysast opp. Samtidig skal det avgjerast korleis eventuelle midlar skal disponerast.

*endra i årsmøte 12.02.23